

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
040/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	17/1437	17/9979

Overføring av vigselfrett frå tingretten til kommunane

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Stortinget har vedteke endringar i ekteskapslova, som inneber at ansvaret for gjennomføring av borgarleg vigsel vert overført frå tingretten til kommunane. Det er ikkje fastsett endeleg dato for når lovendringa skal tre i kraft, men Barne- og likestillingsdepartementet legg opp til at det skal gjennomførast frå 1. januar 2018.

Lovendringa inneber at vigselfmynde vert overført til ordførarar, varaordførarar, kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret sjølv gir slikt mynde.

Kommunane må vera klare til å ta på seg oppgåva med borgarleg vigsel frå dei nye reglane trer i kraft. Departementet oppmodar kommunane til å starta førebuingane med å tilrettelegga for kvar og når inngåing av ekteskap kan finna stad. I lovproposisjonen vert det peika på at kommunen sitt tilbod skal vera godt og tilgjengeleg, og at kommunen legg til rette for den seremonielle karakter som ei vigsle skal ha.

Med endringa av ekteskapslova får kommunane ei lovfesta plikt til å ha eit kommunalt vigselfstilbod for eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busette i Norge. Denne tenesta skal vera gratis. Dersom kommunen i tillegg opnar for at vigsler kan skje utanfor kommunen sine ordinære lokale, eller for brudefolk som ikkje er busette i kommunen, kan kommunen krevja å få dekkja meirkostnaden med dette.

Det borgarlege vigsselfformularet, som er ein tekst som vigsler les under seremonien, skal nyttast ved gjennomføring av borgarlege vigsler, jf. ekteskapsloven § 15. Vigsselfformularet er fastsett ved kgl. res 18. desember 1992. Det er også rom for å tilpassa seremonien med t.d. tekst og musikk utover dette, dersom brudeparet ønskjer det.

Vurdering

Ordføraren og varaordføraren har etter lova delegert mynde til å vigsle. Ordførar og varaordførar vil ikkje alltid vera tilgjengeleg for slike oppdrag, eller det kan føreligga andre grunnar som gjer dette vanskeleg å gjennomføra. Rådmannen meiner difor det er gode grunnar til at mynde til å gjennomføra vigself blir delegert til fleire, slik lova opnar for. Det vil vera naturleg at rådmannen får delegert vigsselfmynde, og at han kan delegera dette myndet vidare til andre i administrasjonen.

Bruk av eigna lokale kan vera viktig for korleis ein vigsselfseremoni blir oppfatta. I lovarbeidet til

endringa i ekteskapslova har departementet lagt til grunn at kommunane har rådhus eller andre eigna lokale som kan gjerast tilgjengeleg for borgarleg vigsel.

I Radøy vil rådhuset kunne brukast til slike seremoniar, men rådmannen meiner Tingstova på Manger også vil vera ein god og velegna stad for vigsle. Rådmannen arbeidar vidare med Tingstova som eitt av fleire aktuelle lokale for gjennomføring av vigsel.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir rådmannen delegert mynde til å gjennomføra kommunal vigsel, og til å delegera vigselsmynde til andre.

Tingstova er ein velegna stad for vigsler. Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med aktuelle stader og til å peika ut kva lokale som kan brukast.

Formannskapet i Radøy - 055/2017

FS - handsaming:

Rådmann Jarle Landås orienterte om mogleg bruk av Tingstova, med gamle Prestegarden og prestegardshagen som arena for kommunal vigselsseremoni.

Formannskapet gav uttrykk for begeistring over desse planane, og gav rådmannen grønt lys for å jobba vidare med planane for arena for kommunal vigselsseremoni.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunestyret gir rådmannen delegert mynde til å gjennomføra kommunal vigsel, og til å delegera vigselsmynde til andre.

Tingstova er ein velegna stad for vigsler. Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med aktuelle stader og til å peika ut kva lokale som kan brukast.

Kommunestyret i Radøy - 040/2017

KS - handsaming:

Silje Namtvedt (SP) meiner kommunen også må kunne opna for vigselsseremoni i "Guds frie natur".

Leif Taule (SP) meiner kommunen må leggja opp til at det også kan gjennomførast vigsler på høvelege stader utandørs, t.d. i Tjorehagen og tilsvarande lokalitetar.

Rådmann Jarle Landås peika på at kommunen i utgangspunktet står ganske fritt til å peika ut eigna stader til vigselsseremoni, men at det er nødvendig med ei avgrensing av aktuelle stader.

Kenneth Taule Murberg (H) meiner gjennomføring av vigsler t.d. i Tingstova er god marknadsføring av området.

Ordførar Jon Askeland konkluderte med at rådmannen kjem attende med ein plan for gjennomføring av kommunal vigselsseremoni.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapetstilrådinga.

KS - vedtak:

Kommunestyret gir rådmannen delegert mynde til å gjennomføra kommunal vigsel, og til å delegera vigselsmynde til andre.

Tingstova er ein veileigna stad for vigsler. Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med aktuelle stader og til å peika ut kva lokale som kan brukast.

Vedlegg:

Informasjon om endringer i ekteskapsloven(1) (L)(133801)